



Arkivnr: 2018/16480-51  
Saksbehandlar: Marielle Solheim

## Saksframlegg

### Saksgang

| Utval                        | Saknr. | Møtedato   |
|------------------------------|--------|------------|
| Fylkeseldrerådet i Hordaland |        | 14.03.2019 |

### Tredje utkast til årsmelding 2018

#### Samandrag

Fylkeseldrerådet skal kvart år legge fram årsmelding for fylkestinget innan 1. juli. Dette går fram av reglementet for fylkeseldrerådet punkt 2.

I årsmeldinga for 2018 har ein orientert om arbeidet og oppgåvene til rådet for året 2018. Det vert mellom anna gjeve ei oversikt over saker som fylkeseldrerådet spesielt har jobba med, deltaking i ulike prosjekt, og ei oversikt over høyringar der rådet har uttala seg.

Arbeidsutvalet for fylkeseldrerådet har utarbeida forslag til tekst til årsmeldinga for 2018, og forslaget til årsmelding har deretter vorten justert etter handsaming i fylkeseldrerådet sine møter 04.12.18 og 17.01.19.

Fylkeseldrerådet vert no bedne om å endeleg vedta årsmeldinga, med eventuelle endringsforslag, samt fastsetje om årsmeldinga skal trykkast opp, og eventuelt i kor mange eksemplar.

Førre årsmelding vart trykt i 100 eksemplar, og prisen for dette er 1900 NOK (ex. mva). 50 eksemplar vil koste 1280 NOK (ex. mva).

#### Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Bertil Søfteland  
leiar fylkessekretariatet

Marielle Solheim  
administrativ sekretær

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*